

## Høyringsfråsegn til Statnett sin nettutviklingsplan 2017

SFE Nett AS som ansvarlig for den regionale kraftsystemutgreiinga for Sogn og Fjordane gje nokre merknader til høyringsversjonen av Statnett sin nettutviklingsplan (NUP) 2017.

Generelt vil vi rose Statnett for arbeidet med NUP'en. Den har ein god og oversiktleg utforming og gjev god innsikt i drivkrefter bak nettutviklinga og ei god oppsummering av føreliggande planar. Det er likevel manglar ved NUP'en. Dette gjeld særleg nettområdet i Indre Sogn, men og transformeringskapasitet 420/132kV i Moskog.

### Indre Sogn

SFE Nett påpeika særleg dette området i vår høyringsfråsegn til NUP 2015. I Luster og Årdal er det konsesjonssøkt meir ny produksjon enn det Statnett sjølv har vurdert som driftsmessig forsvarleg. I lys av at forskrift om energiutredning stiller krav til at *alle forventede nettinvesteringer med alternativer beskrives og begrunnes med bakgrunn i mulige utviklinger i behov for overføringskapasitet*, så burde nødvendige tiltak for lengst vore identifisert og omtalt.

Sjølv om oppgradering til 420kV mellom Aurland og Sogndal alt ligg inne i NUP'en, vil vi likevel gje uttrykk for vår bekymring for framdrifta for konsesjonssøknaden for denne, og dei konsekvensar det vil få om nettutbygginga på nytt kjem på etterskot av produksjonsveksten.

### Moskog

RKSU for Sogn og Fjordane viser at installert transformatorytelse 420/132kV i Moskog må aukast om planlagd ny produksjon i området vert realisert. Utvida transformeringskapasitet i Moskog må inkluderast også i NUP.

Venleg helsing

#### Kristen Skrivarvik

Senioringeniør nettforvalting

SFE Nett AS

T: 57 74 61 66 | M: 489 99 320 | [sfenett.no](http://sfenett.no)

Sogn og Fjordane Energi

